

## Referat frå tillyst møte med leiarane i lokallaga den 25. april 2023

Desverre var det 3 av leiarane i laga som ikkje kunne møte.

Det vart oppmoda til leiarane om å koma med innspel.

Ingebjørg Moe nemnde feiringa av 1000-årsjubileet som ei felles sak som no er aktuell. Ei nettside er lagt ut om dette.

Nils Rogn hadde tankar om at ei gruppe med lokallagsleiarane kunne gjera styret overflødig.

Ole Aastad Bråten nemnde at det er viktig å ha ein effektiv redaksjon/administrasjon.

Tore Hovda meiner at det er behov for styret også framover.

Arne Erik Fønhus synest årboka har teke for mykje av merksemnda og tida i laget, kva vil vi med laget framover?

Ivar Aars meinte at eit mindre skriftstyre kunne vera meir lettrodd. Han viser og til at vedtektene til laget legg rammer som vi ikkje har oppfylt, og at det trengst vedtektsendring slik at det blir samsvar med det vi gjer,

Ole Aastad Bråten: Museet har lite ressursar for å ta meir ansvar for årboka.

Avkastningen frå Kirkevollarven kunne eventuelt brukast til årbokutgjevinga.

Møtet heldt fram etter kaffepausa.

Nils Rogn har alt vore med og arbeidd med stoffet til årets årbok. I staden for skriftstyret slik vi har no, kan ein mindre redaksjonskomite vera meir tenleg.

Styret gjekk inn for å innstille Nils for årsmøtet som leiar til redaksjonskomite.

Ei eventuell endring i vedtektene må drøftast på årsmøtet no, for kanskje å kunne gjelde frå neste årsmøte.

Det vart diskutert eit forslag om det ville vera betre om styret vårt var samansett av representantar som vart utpeika/innstilte direkte frå kvart lokallag.

For Nord-Aurdal ligg spørsmålet der om å få med meir frå Ulnes/Svenes, eventuelt få opp att aktiviteten der på eit eller anna vis. Initiativet må koma lokalt.

Det må bli tettare og betre kommunikasjon mellom Valdres Historielag og lokallaga, gjerne med to årlege møte.

Informasjonstavler om krigshendingane i Valdres synest Erna Jordet at Valdres Historielag og lokallaga kunne engasjere seg meir i å få til.

Også lokalhistoria i bygdene burde bli lagt meir vekt på. Det fungerer bra i nokre kommunar. Valdres Historielag er viktig for å dytte på dette arbeidet.

Tore Hovda fortalde om planane for årsmøtet som blir i Øye den 6. mai.

Jorunn W Steinsvoll, Tore Hovda, Nils Rogn, Erna Jordet, Anne Marit Framnes, Ole Aastad Bråten, Arne Erik Fønhus, Ivar Aars, Ingebjørg Moe, Jon Bratrud, Gunnar Hauge.